



## **Referat frå møte mellom Dale Bygdelag og Alver kommune vedrørande sal av Dale Grendahus**

**Stad:** Frekhaug kommunehus, 13.09.23

### **Tilstade:**

Inger Marie Jordal, Tenesteleiar Egedomsforvaltning	Alver kommune
Berit Eskeland, Rådgjevar Egedomsforvaltning	Alver kommune
Emil Christensen Birkeland, Rådgjevar Egedomsforvaltning	Alver kommune
Karolina Lien Vaktskjold, Styreleiar	Dale Bygdelag
Even Magnar Askeland, Kasserar	Dale Bygdelag
Bjørg Karin Lunde, Styremedlem	Dale Bygdelag
Johannes Dale, Styremedlem	Dale Bygdelag

Alver kommune har vedteke å selje Dale Grendahus. I saksutgreiinga er det sagt at administrasjonen vil gå i dialog med Dale bygdelag/Husflidlaget om dei ønskjer å kjøpe eideomen. I dag leigar begge laga bygget av kommunen. Det har tidlegare vore dialog mellom Bygdelaget og Radøy kommune om sal, og det vart innhenta ein takst på eideomen i 2019. Alver kommune har eigne retningsliner for sal av kommunal eideom. Hovudregelen er at kommunen skal selje til marknadspris etter open bodrunde eller marknadspris basert på takst ved eit direktesal.

Dale Grendahus var opphaveleg skule, men skulen vart lagt ned på 70-talet. Etter at bygget brant ned i 86 vart bygget bygd opp att med utforming som grendahus og lokale til bibliotek. Kjelleretasjen vart fram til 2019 nytta som barnehage, og det er no Husflidlaget som nyttar kjellaren. Radøy kommune ville selge bygget i 1996, men bygdefolket etablerte då Dale Bygdelag og fekk sikra at grendahuset framleis vart nytta av bygda. Bygdelaget har utført mykje vedlikehaldsarbeid på dugnad. Kommunen har kosta materiale til det meste av utvendig vedlikehald. Dale Bygdelag nyttar bygget til sine aktivitetar, men leigar også ut til diverse samankomster og frivillige lag og organisasjoner. Bygdelaget ønskjer å fortsette å nytte Grendahuset og har difor vedteke at dei ønskjer å kjøpe eideomen frå kommunen.

### Takst

Taksten frå 2019 er basert på verdien bygget har som forsamlingslokale og antatte årlege leigeinntekter på 104 000 kr. Bygdelaget informerer om at dei reelle leigeinntektene er langt lågare. Dei vil sende over rekneskap til kommunen. Viss Bygdelaget kjøpar eideomen vil dei og få leigeinntekter frå Husflidlaget. Alver kommune sjekkar kva desse er i dag og sender over til Bygdelaget. Kommunen

sjekkar også kva utgifter dei har til straum og eigedomsgesbyr. Alver kommune ønskjer å oppdatere taksten slik at den kan reflektere dei faktiske leigeinntektene.

#### Tidlegare sal

Bygdelaget har sjekka opp i kva dei andre nedlagte Grendaskulane i Radøy har vore selt for. Sala ligg i intervallet 1 kr til 50 000 kr. Det siste salet gjaldt Sætre skule som i 1998 vart selt for 50 000 kr til bygda. Indeksjustert vil dette utgjere 88 000 kr i dag. Bygdelaget ønskjer at Alver kommune skal vurdere Dale Grendahus på lik linje med desse tidlegare sala, og påpeikar at bygget er gammalt og vil trenge ein god del vedlikehald i tida framover.

---

#### Alternativ

Bygdelaget er og interessert i å framleis leige bygget viss dette er ein moglegheit. Det viktigaste er at ikkje bygget vert selt ut av bygda. Dei påpeikar at det vil vere utfordrande å få eigedomen omregulert ved evt. sal til andre aktørar. Det er og ønskeleg frå Bygdelaget sin side at kommunen legg inn ein klausul om tilbakekjøp av eigedomen viss Bygdelaget på eit tidspunkt ønskjer å selje eigedomen.

---

#### Vidare prosess

Administrasjonen er bunde av retningslinjene til kommunen. Viss ein skal gjere unntak frå retningslinjene må saka til politisk behandling. Bygdelaget ønskjer at saka skal fremmest politisk. Første moglege behandling er 9. nov i formannskapet. Administrasjonen tek sikte på dette, og vil halde Bygdelaget informert om saksgangen.